



DET NORSKE  
TEATRET



1939—40



Dronning-sølv

Kron-sølv

Jubileum-sølv

*Tre av de beste norske skjemonstre  
hos gullsmedene.*



## TEATERLUTSPELET

Landslutspelet for  
DET NORSKE TEATRET  
Kristian 4. gt. 4, Oslo

*Er De samd med oss i, at Det Norske  
Teatret bør ha nytt husvære?  
Kjøp luter i **Teaterlutspelet.***



b15g 117268



Olav Duun

# Sjåaren.

Til Olav Duun.

Han sokna til sjels med sjåar — givnad  
og opna oss ukjend veg.  
Medmenneske, det er grense-  
traktene  
midt millom Gud og deg.

Det spelar um arv og um  
ættelagnad,  
vår ferd blir i dagen lagd.  
Bygdi er verdi, der menneske-  
båni  
lever med mangfeld bragd.

På båtkelvet millom hav og  
himmel  
du røyner din domedag,  
med storbåra frodar, og av-  
grunns dynningen  
syg åt med skume drag.

Og lagna'n kann vera so ymse  
som bylgja går upp og ned.  
Den eine er øydar og tærer på  
krafti,  
den andre kann berre gje.

På båtkelvet der skal du  
velje og vitne  
kven du i sanning er.  
Du ofre ditt liv for ein du  
vanaktar  
som ikkje var ofret verd!

So øygnar vi arven og ætte-  
gangen  
alt ifrå inste rot.  
Det lever og skapar sin eigen  
lagnad,  
det sergjevne norske grjot.

Båtkelvet blir deg for-  
klårings-berget  
når storbåra over deg slær.  
Då tuktar du lagna'n og  
meistrar livet.  
Alt liv det er ofret verd!

Det norske frå Namdalen, er  
noko anna  
enn berre innhole ord  
som liljar seg fram med  
høgmåls-læte,  
og set sine sylv-rev spor.

Det norske er norsk nok, med mann bak ordi  
som rann av den norske jord,  
Og mannen er reingoten, gjennom vår soga  
han set sine manndoms-spor.



## II.

### In memoriam.

På båtkvelvet, det er Charons båt  
som kollsegla med si last.  
Fargjesten kom seg uppå kvelvet  
og klengde seg fast!

Ferunderleg tungt den skymings-båten  
gleid over gløymsle-fjord.  
Kvar vart det av Charon, den stume rorskaren  
finst kje um bord?

Uppreist og rak på nakne kvelvet  
han vaks seg vidsynt og stor  
og berga seg over gløymsle-fjorden  
einsleg um bord!

Men rorskaren ordstum og mektig,  
sterkar' enn dauden sjøl!  
Sokk han i djupet og kravde kje livsromet  
her uppå kjøl!

So underleg . . . minnerørslør  
mildt gjenom medvetet rør.  
Det var som han ein gong fyrr hadde fare  
på denne fjord.


Ein gong han berga den veike,  
det vaknar i minnet hans:  
Sjølvsokk eg i djupet med' armingen kjøl-reid  
seg livredd til lands.

Då bar han, og difor han no blir boren:  
han møtte sin overmann  
som hadde kraft til å dylje sin styrke  
og berge'n i land.

Som ljo-stille andedraget  
inn imot solblå hamn!  
Det er som den blide dødsens øyi  
tek honom svalt i famn.

Tore Ørjasæter.

(Teki frå siste diktsamlinga til Tore Ørjasæter «Livet skal vinne».)



# ØKONOM

Mest moderne magasin- og platekomfyr, utf. i porcelensema'je og rustfrit stål.

Hovedutsalg:

**ØKONOM ELEKTRISK**

Rosenkrantz gt. 9 — Rett overfor Det Nye Teater





Teatersjef Knut Hergel



## Det er Frognerseteren Bruk

som har levert alt trevyrke til den vakre hytta TEATERLUTSPELET no har reist i Studenterlunden.



## Frognerseteren Bruk

Har alt i trevyrke til bygningsbruk.

*Kontor:* Svenstua, Slemdal — Telef. 98024 og 99003.

*Utsal:* Tomtebygga 30 — Telef. 26567.

---

**Kjøp luter**

**i Teaterlutspelet.**





Ragnhild Hald



Dagmar Myhrvold

**Sølvberg & Nesting  $\frac{A}{S}$**   
**Farveri, kem. renseri**  
*Utfører all farvning og rensning for teatret*


**Treng du:**

Gode og rimelege

**skjorter - slips - undertøy o. l.**


so gå til

**KNUT KJORSTAD BØNÐERNES HUS**



# Oslo Sparebank

Oprettet 1822



21 afdelingskontorer i Oslo og omegn



# Medmenneske

Dramatisert etter romanen, av *Olav Duun* og  
*Knut Hergel*.

(1. og 2. akt i 2 bilete, og 3. akt i 3 bilete,  
bundne saman med musikk.)

Dekorasjonane av *Ola Cornelius*.  
Sett i scene av *Knut Hergel*.

(Framhald neste side.)

## Bygdefolk i byen

De kjøper alt i frukt og kolonial billig og godt i

**LOTES FRUKTLAGER**

Ring **44729**  
og ein bringar

**NILS JUELS GATE 70**

**E. A. HAMMER A/S**

Kjøper skurlast.

Selger bygningsmaterialer.

Jernbanetorget 4. Tlf. 10 980, 12980. Lager: Sørensen. Tlf. 81 326.

Kjøp Deres  
blomster i

Oswin Lissey<sup>'S</sup>

Blomsterhandel

33 Karl Johans gate

**KIKKERTER, BRILLER m. m.**

Kun 1. kl. optikk - Nøiaktig tilpasning



**Martin Viig,**

Kirkegaten 34, nær Karl Johansgt.

**OLAF NORLI**

BOKHANDEL  
PAPIRHANDEL  
ANTIKVARIAT

UNIVERSITETSGT. 24



BUNTMAKER  
PELSHANDEL

**Bisam - Huset**

Niels O. Nielsen

Grensen 12 - Telefon 24 653  
Inng. Ø. Slottsgt.



Alle Dykkar

bankforretningar

vert greidde av: **BØNDERI**

**STEEN &**

(Framhald.)

DEI SOM SP

Haakon Stavsund .....  
Ragnhild, kona hans .....  
Didrik, far hans .....  
Tale, mor hans .....  
Gamalfaster «Kvitugla» .....  
Lea, halvsysster til Haakon .....  
Morten .....  
Indianna, jente hos «Kvitugla» .....  
Paul .....  
Karl Albert .....  
Lensmannen .....

Mellom 1. og 2. akt har de  
Mellom 2. og 3. akt eit  
10 minutt opphald mell

ORKESTER

Kapellmeister A. K

- I. Gaston Borch:
- II. Sparre Olsen:
- III. Sparre Olsen:
- IV. Gaston Borch:
- V. Arvid Kleven:

**Dagbladet**

„La Bjelland sy den.“

Velkommen

til

Bjelland!



# STRØM

## PELAR:

..... Johan Norlund  
..... Ragnhild Hald  
..... Lars Tvinde  
..... Dagmar Myhrvold  
..... Astrid Sommer  
..... Tove Bryn  
..... Alf Sommer  
» ..... Åsta Voss  
..... Kåre Wicklund  
..... Pehr Qværnstrøm  
..... Helge Essmar

let gått nokre veker.  
eit par månader.  
ellom 2. og 3. akt.

## RET:

K. Nielsen.

h: Smerte.

: Moderato.

: Allegro. Moderato.

: Agitato (Angst).

n: Vet du.

et alltid foran

Skreddersøm  
Konfeksjonssøm

**Bjelland**  
KONGENSGT.7

**ENES BANK**

OSLO — Egertorvet og Grønland 24  
SKIEN — STAVANGER — TRONDHEIM

## DET BYGDENORSKE

Vevnad

Prydsaum

Lusekuffer

Bunader



# HEIMLEN

Kristian 4. gt. 4. Tlf. 10359

Kåper  
Drakter  
Kjoler

**O. Nielsen**  
G R E N S E N • 17



**Nynorsk**  
Vikeblad

*er det likaste tel!*

# Olav Duun.

Olav Duun vart fødd på garden Duun'a ute på Jøa i Namsenfjorden i 1876. Fleire av ættfedrane hans hadde komi søratil, frå Skaun og Gudbrandsdalen, og det var mange soger som levde om dei i folkeminnet. Duun har fortalt at den fyrste læremeisteren hans i forteljekunsten var den gamle kårkallen på garden, han Andreas. Av han lærde han serleg å akte på rytmen i målet. «Eg hugsar setningane hans, og kan reproducere dem,» sa han ein gong.

Elles var det arbeidslivet til sjøbonden som sette djupast merke hjå han. Han rodde fiske i fleire vintrar, og kom såleis i lag med folk norant og sønnant, — folk som han seinare skulle koma til å levandegjera i diktinga si, meir intimt og fantasifullt enn nokon annan norsk diktar.

Men jamvel om han lika eventyrlivet på sjøen godt, så hadde han endå sterkare trong etter å lære gjennom bøkene. 24 år gamal drog han på lærarskulen på Levanger. Der gjekk han som ein vaksen kar, og stulla mest åleine. Han skreiv på småstundene, og dei fyrste novellene hans kom fram i det handskrivne bladet til elevlaget på skulen. Dei handla for det meste om skuleborn, og det gjorde òg fyrste større arbeidet hans «Marjane».

Alt i denne forteljinga er Duun inne på eit problem som vende attende i ei rekkje av romanane hans: mannen som kjenner seg mindreverdig andsynes



## HEIMEN

TELEFONAR

10359 — 11890 — 16636

## Spesialgarn av norsk ull

**Heimengarnet:** Naturfarga kvitt -  
grått - sauesvart.

**Hardangergarnet:** Ekte kypfarga.  
200 - 3 tr. garnfarga.

**NYTT!** 300 - 2 tr. ullfarga.

**Hardanger-Tweed-garn:**

ekte kypfarga 7 mm.



den sterke kvinna og rømer ut i det ukjende. Seinare kjem ein motsett mannstype inn, den sjølvtrygge og ofte maktgjeruge og vondkyndte. Det lagar seg ein «trekant», der kvinna kjenner seg dregen mot den veike, men blir tvinga av den sterkare til å verja han.

Dette motivet tok Duun opp på ein ny og storfelt måte i romanrekkja «Medmenneske», «Ragnhild» og «Siste leveåret». Her er det far til mannen på garden, kårkallen Didrik, som representerer det vonde. Sjeldan har det vonde som prinsipp vori handsama med så overtlydande kraft i litteraturen. Det er noko trollsk ved Didrik, som minner like mykje om ein Tore Hund som om ein moderne gangster, i den utspekulerte måten å gå fram på for å gjera seg til herre over medmenneska. Han som «brenner svart ikring seg og gjer andre ansvarlig for det».

Men fyrst og fremst er «Medmenneske» ei hylling til den kloke og sterke kvinna, som ofrar alt for å vinne fred og trygd for mann og heim. Striden mellom Ragnhild og verfaren blir til ein hølmgang mellom vondt og godt, menneskeleg og umenneskeleg. Når ho til slutt i ørvæna grip til åverje, så sigrar det vonde radikalt, skulle ein tru. Men jamvel bak mordet har Duun øygna ei von for det gode. Over lovene og dommen til medmenneska står ein høgare domstol. — «Størst er mennesket når det må reise seg opp og vera berre menneske. Det har ikkje du røynt,» seier Håkon til seg sjølv i slutten av verket. — Men Ragnhild greidde det. Det er noko overmenneskeleg ved denne skapnaden, ein blir førd på hi sida vondt og godt, til eit draumeland der alt blir forklåra under nye verdemål.

«Fanst det eit retteleg menneske, så vart det dømt til å bera mykje, Gud sjølv veit kva gjerning det fekk å gjera for han,» seier diktaren ein stad i boka. Ragnhild er ein av dei utvalde, ho vender attende til livet og finn ny meining i det, både for seg og Håkon. Her som i «Juvikfolket» fører Duun eit umotseieleg prov for at «den sterkaste er den som tåper, men vinn likevel». — Det er vel ein kristen tanke, men vi møter han alt i heidendomen vår, i guden Odin som «ofra seg sjølv til seg sjølv» for å vinne visdomen. Olav Duun har gjort noko av same heroiske dåden i diktinga si.

O. D.





Lars Tvinde



Johan Norlund



Pehr Qværnstrøm

**NOREG**

*Vikeblad for radikal fram-  
stegspolitikk på norsk grunn.*

- ◆ Kjem ut i Oslo og  
kostar 3 kr. halvåret
- ◆ Send tinging til  
postboks 757

## Forretningsfolk

og andre som vil ha prentesakene sine på norsk,  
vender seg til:

**Johansen & Nielsens Boktrykkverk**

Pilestredet 45 b :: Telefonar 62 692, 61 493





Alf Sommer



Astrid Sommer

## A/s **POLYFOTO**

**48** forskjellige bilder kr. **2,50**

Egen avdeling for reklamefoto

---

STORTINGSGT. 18 (Casinogården) — Telefon 24 122



## Livet

er ikkje som teatret, det let deg ikkje få velja millom komedie og tragedie. Kva svip det no skal få for deg — eitt er sikkert:

Det vert ikkje tyngre eller fatigare for deg med ei trygding i Andvake.

## NORSK TRYGDEAGENTUR <sup>L/L</sup>

Hovudumbod for trygdingar på nynorsk. Skipa av mål- og ungdomslag

Teiknar:

Brand- Automobil- Innbrot- Ulukke- Ansvar- Garanti- og Reisetrygdingar  
*Sto Dykkar eigne forretningar. Norsk Trygdeagentur er skipa av målfolk  
for målfolk.*

Kristian 4. gt. 4

Oslo

Telf. 10 176



Helge Essmar



Kåre Wicklund



TRIO TRANSPORT  
&  
GRØNSENS  
VISERGUTTKONTORER

26 511 - Rådhusgt. 30<sup>B</sup> - 14 664

Flytning - Møbellagring



# Nokre fyndord etter Olav Duun.

Når du trassar verda da er du låttelig, og når verda trassar deg da er du òg låttelig, det er det som er helvete med det å vera liten. Og likar du deg kleint i det, da blir du låttelig til gagns.

\*

Mennesket er ingen meister til å leva. Det har aldri hatt stunder til å lære den konsten.

\*

Skal du leva, da må du vita at du skal døy.

\*

Ein blir stadig eit nytt menneske, eit barn framfor det som hender ein.

\*

Ei klok kone er like lønsamt som pengar i banken. Det følger vågnad med baa.

\*

Ein veit aldri kva ein kjem oppi når ein er ute på langferd.

\*

Sæl er den som døyr mett og utørst, men sælare er dei som sit att og sørger.

\*

Ingen sørger visst meir pinsamt enn spottefuglen.

\*

Ingen kunde gjera så mykje for Guds rike som han, visst han nytta ut situasjonen.

\*

Ber vi lagnaden vår, kan vi bera ordet om han òg.

\*

Livet er i grunnen så mildt.

\*

Det er draumar det meste vi fektar med.



Tove Bryn



Åsta Voss

---

## NORSK TIDEND

Framhald av «Fedraheimen» og «Den 17de Mai».  
Innhaldsrikt. Aktuelt. Segjer si meining utan parti-  
politiske umsyn. Let ulike syn brytast i ordskifte um  
det som er uppe i tida.

Kjem ut kvar torsdag og kostar kr. 1.50 for fjordungåret.  
Godt lysingsblad.

---

## OSLO NYE SPAREBANK

Rosenkrantzgt. 9, Oslo • Telefon 10176

Alle vanlege bankforretningar.

---

## Alle Artikler for Kunstmalere.

Alt til Silkemaling, Lærplastik og Gyldenlær.  
Porselænsmaling og Rosemaling.

**CHRIST. ENGBRETSSEN & SØN**

Pilestrædet 27 — Oslo.




## Eit godt råd.

*Når ein er på ferd kring i landet, og treng god mat og godt husrom til rimelege prisar, då tek ein inn på desse stadene:*

Arendal . . . .	Bondeheimen & Kaffistova
Bergen. . . . .	Hotell Hordaheimen
Drammen . . . .	Kaffistova — Bondeheimen Engene 4.
Flekkfjord. . . .	Kaffistova og Bondeheimen.
Gjøvik . . . . .	Kaffistova. Øvre Torvgate 9.
Harstad . . . . .	Kaffistova Trondarnes.
Haugesund . . . .	Kaffistova Haraldsgt. 161 Kaffistova Haraldsgt. 126 Hotell Kong Harald Haraldsgt. 146
Horten . . . . .	Kaffistova Storgata.
Kongsberg . . . .	Kaffistova & Bondeheimen ved Nybrua.
Kristiansand . . .	Bondeheimen, Kyrkjegata og Bondeheimen, V. Strandgate.
Kristiansund . . .	Bondeheimen & Kaffistova Marmorgarden.
Mandal . . . . .	Kaffistova & Bondeheimen
Oslo . . . . .	Hotell Bondeheimen, Bøndernes Hus.
Oslo . . . . .	Kaffistova, Bøndernes hus.
Oslo . . . . .	Kaffistova, Torget 8.
Oslo . . . . .	Parkstova, Drammensv. 2.
Oslo . . . . .	Kaffistova, Cort Adlersgt. 2.
Oslo . . . . .	Kaffistova til Oslo Fylkeslag Nordal Brunsgt. 22.
Sandefjord . . . .	Kaffistova Rådhusgata.
Skien . . . . .	«Dag» Kaffistova og «Dag» Bondeheimen
Tromsø . . . . .	«Sagatun» og Kaffistova. Torget.
Tromsø . . . . .	Kaffistova i Sjøgata.
Trondheim . . . .	Hotell Bondeheimen og Kaffistova, Søndre gt. 22 b



Ola Cornelius



Målararbeidet her i teatret er utført av

**A. DOLVE'S MÅLARFORRETNING**

Lofthusv. 37 — Telefon 71115

**Bygnings-, skilt- og dekorasjonsmåling**



# Nafstads Auksjonsforretning

Teatergaten 14  
Telefon 15 137

Foretar omsorgsfull taksering av dødsboer, konkursboer m. m.  
Mottar til mine auksjoner i lokalet Teatergt. 14, 1. etasje, hele innboer, pianoer, malerier. Arrangerer på forlangende auksjoner i Oslo og omegn. Reel behandling. OLE NAFSTAD.

Alle slags klisjéer! Avstøpninger, Matriser

AKTIESELSKABET  
**"CLICHÉ"**

KUNST-REPRODUKTIONS ATELIER  
MAURITZ IVERSEN  
10 PILESTREDET 10  
16810 CENTRALBORD 16810



**NOREGS BOKLAG**

Rosenkrantzgt. 8, Bøndernes Hus

BOKHANDEL - PAPIRHANDEL

Tek imot boktingingar og sender bøker  
heile landet over.

*Å handla med sin eigen samskøpnad  
er å handla med seg sjølv.*

## P. Hellerud

Jacob Aalsgt. 14, Oslo

Telefon 44030

### Allslags byggjearbeid


31567

Telefon

31759

## Nikolai Olsens Boktrykkeri

Møllergt. 17 — Oslo



## En ROYAL Portable skrivemaskin bør finnes i ethvert moderne hjem.

Far kan gjøre sitt ekstra-arbeide i fred hjemme. Mor kan dyrke sin brevskrivning og barnas interesse for skolearbeidet stimuleres. De kan få Royal med spesielle typer, som er særskrift samme personlige preg som håndskrift. For 20 kroner lig beregnet for privat-korrespondanse, og som gir maskinkontant og 15 kroner måneden kan De bli eier av en Royal Portable.

### M. NISSEN-LIE & Co.

Huset for Kontormaskiner.  
*Akersgaten 15 — Oslo — centralbord 27060.*

---

Send mig fullstendige opplysninger om Royal Portable og de nye lette ratebetingelser.

Navn.....

Adresse.....

### M. NISSEN-LIE & Co.

Huset for Kontormaskiner.  
*Akersgaten 15 — Oslo — centralbord 27060.*